

17.mai

Noregs nasjonaldag



Kva er 17.mai?

Noreg har nasjonaldag på datoen 17.mai.

Nasjonaldag betyr at ein feirar landet ein bur i. Vi kan seie at det er bursdagen til landet!

Derfor er det vanleg å seie «Gratulerer med dagen» på 17.mai.

Vi byrja å feire nasjonaldagen etter 1814.

Før 1814 var det Danmark og Sverige som bestemte over Noreg.

I 1814 vart Noreg eit fritt land og kunne bestemme sjølv.

Det er viktig å feire!



17.mai tradisjoner

Flagg

Man kan sjå flagg overalt på 17.mai. Mange heng opp flagg utanfor husa sine, og mange har med seg flagg ut i gatene.



Barnetog

Det er vanleg at barneskulane går i tog på 17.mai. Då går mange menneske saman, syng songar og roper «Hurra!» Først i toget pleier det å gå eit korps. Dei spelar musikk.



Bilde: Torstein Frogner fra freeimages.com



Nasjonaldrakter

Det er vanleg å pynte seg på 17.mai. Ein kan ha på seg det ein vil, og det ein sjølv synest er fint.



Mange bruker nasjonaldrakta til Noreg på 17.mai. Den heiter Bunad. Det finst mange ulike bunader, og dei kan vise kvar i Noreg ein kjem frå.




Bunaden har vore brukt i Noreg i veldig mange år, og mange er stolte av å ha ein bunad. På biletet ser de ein herrebunad frå Vest-Telemark og ein damebunad frå Nordmøre.

Mat og drikke


Det er vanleg å samlast for å ete og drikke på nasjonaldagen. Mange samlar både venner og familie for å feire dagen saman.



Det er vanleg å bake kaker, og ofte bruker ein fargane frå det norske flagget når ein pyntar.



Barna pleier å ete pølser og is på 17.mai, og nokon har konkurranse om kor mange dei klarer å ete!



Andre aktivitetar

Mange barneskular har samlingar på 17.mai. Der kan ein kjøpe kaker, pølser og is, høyre på musikk og song og vere med på ulike leikar.

Det er viktig å hugse at ein kan gjere kva ein vil på 17.mai. Ein kan feire akkurat slik ein liker det best sjølv! Nokon reiser til dømes på hytta på 17.mai og nokon feirar ikkje noko meir enn å hengje opp eit flagg.

17.mai er ein dag for å vise at vi er glade i landet vi bur i, men det er også ein dag for å vere saman med dei menneska ein er glad i.



Nasjonalsongen

Det er vanleg å syngja eller høyra på nasjonalsongen på 17.mai. Alle land har sin eigen nasjonalsong. Her er det første verset i den norske nasjonalsongen:

Ja, vi elsker dette landet
Som det stiger frem.
Furet, værbitt over vannet
Med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
På vår far og mor
Og den saganatt som senker
Drømmer på vår jord
Og den saganatt som senker
Senker drømmer på vår jord.



Ordliste:

Nasjonaldag – Bursdagen til eit land. Ein dag for å feire landet ein bur i. Noregs nasjonaldag er 17.mai.

Barnetog – Mange barn (og vaksne) som går etter kvarandre i eit langt tog i gatene. Vi kallar det for tog fordi ein går på lang rekkje etter kvarandre.

Korps – Mange menneske som spelar musikk saman samtidig som dei går bortover gata. Korpset spelar musikk for alle i 17.mai toget.

Nasjonaldrakt – Klede som er spesielle for landet ein bur i. I Noreg er det Bunaden som er nasjonaldrakta.



Pynta – Gjere noko ekstra fint. Til dømes setje fram flagg, blomstrar eller lys.

Nasjonalsong – Ein song som høyrer til eit land. Blir ofte sunge på nasjonaldagar eller før fotballkampar.

Bilder: Britt Rødal Vikhagen – Språknøkler.no

